

# Finansrapport 2021

Alver kommune



15.05.2022

# Innhold:

<b>1</b>	<b>GRUNNLAGET FOR RAPPORTERING AV KOMMUNENS FINANS- OG GJELDSFORVALTNING</b>	<b>3</b>
1.1	<i>Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret</i>	3
<b>2</b>	<b>VURDERING AV KOMMUNEN SIN FINANSIELLE RISIKO OG AVKASTNING</b>	<b>4</b>
<b>3</b>	<b>KORTSIKTIG FORVALTNING AV LEDIG LIKVIDITET OG ANDRE MIDLAR BEREKNA FOR DRIFTSFORMÅL</b>	<b>4</b>
3.1	<i>Fordeling på dei ulike plasseringsalternativ/typar</i>	4
3.2	<i>Bankinnskot</i>	4
3.3	<i>Andre plasseringar</i>	5
3.4	<i>Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter</i>	5
3.5	<i>Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.</i>	6
<b>4</b>	<b>LANGSIKTIG FORVALTNING AV MIDLAR BEREKNA FOR DRIFTSFORMÅL</b>	<b>6</b>
4.1	<i>Langsiktige plasseringar I DNB ASSET MANAGEMENT</i>	6
4.2	<i>Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet</i>	7
<b>5</b>	<b>FORVALTNING AV KOMMUNENS GJELDSPORTEFØLJE OG ØVRIGE FINANSIERINGSAVTALAR</b>	<b>8</b>
5.1	<i>Opptak av nye lån i 2021</i>	8
5.2	<i>Berekning av netto lånegjeld</i>	8
5.3	<i>Konvertering av eldre lån og refinansieringar i 2021</i>	8
5.4	<i>Samansetjing og verdi av låneporteføljen</i>	9
5.5	<i>Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår</i>	9
5.6	<i>Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet</i>	9
<b>6</b>	<b>VURDERING OG KVALITETSSIKRING AV FINANSIELL RISIKO</b>	<b>10</b>
6.1	<i>Plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål</i>	10
6.2	<i>Risikovurderingar langsiktig finansforvaltning</i>	10
6.3	<i>Risikovurderingar gjeldsforvaltning</i>	14
6.4	<i>Vedlegg</i>	14

# 1 GRUNNLAGET FOR RAPPORTERING AV KOMMUNENS FINANS- OG GJELDSFORVALTNING

Grunnlaget for kommunens finansforvaltning er hjemlet i kommunelova med forskrifter og Kommunaldepartementet sin vegleiar til forskrifta.

Kommunelova § 14-1 tredje ledd seier at:

*«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.»*

I § 14-13 står det så lista opp lovkrava knytt til kommunen sin finans- og gjeldforvaltning. Disse er:

- *Finansreglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen i å ta vesentlig finansiell risiko og som sikrer at løpende betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*
- *Dersom det avdekkes avvik frå finansreglementet, skal det iverksettes nødvendige tiltak.*
- *Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om forvaltningen av finansielle midler og gjeld, i tillegg til rapport ved utgangen av året som viser status og utviklingen gjennom året.*
- *For kommunen inngår avtaler, skal den dokumentere overfor avtaleparten at avtalen ikke innebærer vesentlig finansiell risiko i strid med § 14-1 tredje ledd.*

Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner av 18.11.2019 gjeldende frå 01.01.2020 inneholder:

- § 6. *Krav til innholdet i finansreglementet*
- § 7. *Krav om kvalitetssikring av finansreglementet og rutinene for finans- og gjeldsforvaltningen*
- § 8. *Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret og fylkestinget*

## 1.1 Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret

Rapportane om finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret skal innehalde ei beskriving og vurdering av kommunen sin finansielle risiko og avkastning, holdt saman med måla og krava i finansreglementet. Rapportane skal også innehalde ein beskriving og vurdering av eventuelle vesentlege endringar i marknaden og i kommunens finansielle risiko. Rapportane skal også opplyse om eventuelle avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, og korleis avvika er handtert.

Rapportane skal:

- a) vise korleis dei finansielle midlane er sett saman og marknadsverdien av dei, både samla og for kvar gruppe av midlar.
- b) vise korleis dei finansielle forpliktingane er sett saman og verdien av dei, både samla og for kvar gruppe av forpliktingar.
- c) opplyse om dei finansielle forpliktingane si løpetid, og om verdien av lån som forfell og må refinansierast innan 12 månader.
- d) opplyse om aktuelle marknadsrenter og kommunens egne rentevilkår.
- e) opplyse om forhold som kommunestyret har stilt krav om at det skal opplysast om.

Basert på føresegnene i den nye kommunelova og den nye forskrifta gjeldande frå 1. januar 2020 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mai 2020 publisert ein vegleiar til finansforskrifta.

Vegleiareren definerer finansielle midlar slik at desse ikkje omfamnar investeringar i selskap der kommunens eigarskap har eit breiare samfunnsmessig formål eller kor kommunen har skilt ut verksemd i egne selskap. Det vil seie at det ikkje er krav om at finansreglementet skal innehalde regler for slike engasjement og forvaltninga av eigarskapet til slike aksjar og andeler.

Det er såleis heller ikkje grunnlag for at finansrapporten skal kommentere denne type investeringar.

Alver kommune oppdaterte sitt finansreglementet er oppdatert med krav etter nye forskrifter, og vedteke i kommunestyret 29. oktober 2020.

## 2 VURDERING AV KOMMUNEN SIN FINANSIELLE RISIKO OG AVKASTNING

Alver kommune sin finansielle risiko vert vurdert som lav både når det gjelder forvaltning av midlar og forvaltning av gjeld. Kommunen har god likviditet, og har per 31.12.2021 867 mill. kr som finansielle midlar plassert innanfor det som skal rapporterast som del av finansforvaltninga.

Av dette er 682 mill. kr eller 79 % bankinnskot, 64 mill. kr er kortsiktig plassering i fond, og 121 mill. kr er langsiktig plassering av midlar berekna for driftsføremål.

tal i 1000 kr

Midlar regulert i finansreglementet	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Endring i 2021	Andel av total 31.12.2021
Kasse og bankinnskot	632 733	682 345	49 612	79 %
Verdipapirfond	63 207	63 696	489	7 %
<b>Sum kortsiktig plassering</b>	<b>695 940</b>	<b>746 041</b>	<b>50 101</b>	<b>86 %</b>
Midlar til driftsformål plassert langsiktig	113 369	120 855	7 486	14 %
<b>Sum midlar berekna for driftsføremål</b>	<b>809 309</b>	<b>866 896</b>	<b>57 587</b>	<b>100 %</b>

## 3 KORTSIKTIG FORVALTNING AV LEDIG LIKVIDITET OG ANDRE MIDLAR BEREKNA FOR DRIFTSFORMÅL

### 3.1 Fordeling på dei ulike plasseringsalternativ/typar

I samsvar med finansreglementet av 29. oktober 2020 kap. 6 har Alver følgjande plasseringsalternativ knytt til forvaltning av ledig likviditet knytt til driftsformål:

- Innskot i bank
- Andelar i pengemarknadsfond

I løpet av året 2021 og per 31.12.2021 har Alver kommune midlar plassert i bank og har andelar i pengemarknadsfond.

### 3.2 Bankinnskot

Tabellen viser korleis ledig likviditet og andre midlar har vore plassert i bank. Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik i løpet av 2021:

tal i 1000 kr

Kasse, bankinnskot	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Endring i 2021
Kasse	81	92	11
Bankinnskudd	632 652	682 253	49 601
<b>Sum</b>	<b>632 733</b>	<b>682 345</b>	<b>49 612</b>

### 3.3 Andre plasseringar

tal i 1000 kr

Plassering av ledig likviditet berekna til driftsformål	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Endring i 2021
Aksjar og andelar			
Sertifikat			
Verdipapir	63 207	63 696	489
<b>Sum</b>	<b>63 207</b>	<b>63 696</b>	<b>489</b>

Midlane er plassert i pengemarknadsfondet Pluss Kort likviditet II.

### 3.4 Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter

#### Bankinnskot

Samla er det i 2021 bokført 7,8 mill. kr i renter frå bankinnskot. Alver kommune sin gjennomsnittlege rentesats på innskot i 2021 har vore 1,03%, mot 1,26% i 2020. Dette er summen av gjennomsnittleg 3 mnd. NIBOR i 2021 og det avtalte påslaget i kommunen sin gjeldande bankavtale med SR Bank. Ved årets utgang 31.12.2021 er sum av 3 mnd NIBOR og påslag på 1,51%.

#### Pengemarknadsfond

Alver kommune har per 31.12.2020 63,7 mill. kr i pengemarknadsfondet Pluss Kort Likviditet II.


Informasjon om fondet:

*«Pengemarkedsfondet PLUSS Kort Likviditet II er et forvaltningstilbud for andelseiere som plasserer store beløp i pengemarkedet. Fondet har kr. 50 millioner som minimumsinnskudd. Fondet har en lav risikoprofil og tilfredsstillende Finanstilsynets regler om 20 prosents kapitalvektning for pensjonskasser. Fondet plasserer dermed kun i stats- og statsgaranterte papirer, papirer utstedt eller garantert av kommuner og fylkeskommuner, samt banker og kredittforetak. Fondet plasserer ikke i industrilån eller ansvarlige lån. Porteføljens rentefølsomhet skal ikke overstige 0,5 år. Endringer i rentenivået har derfor liten effekt på kursutviklingen. Avkastningen i fondet vil kunne variere noe fra dag til dag, men vil over tid følge svingningene i pengemarkedsrenten. Fondet er et UCITS-fond.»*

Avkastning på fondet var i 2021 kr 0,49 mill. som inneber ei gjennomsnittleg avkastning i 2021 på midlane på 0,77%, etter at det er korrigert for forvaltningshonorar. Dette er litt lågare rente enn kommunen har på bankinnskota i løpet av 2021, og skuldast generelt låg avkastning på denne type pengemarknadsfond i 2021 grunna Covid-pandemien.

Historisk avkastning på Pluss likviditet II samanlikna med referanseindeks:

Årlig avkastning



### 3.5 Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

Det er ikkje avvik mellom Alver kommune sitt finansreglement og faktisk forvaltning i 2021.

## 4 LANGSIKTIG FORVALTNING AV MIDLAR BEREKNA FOR DRIFTSFORMÅL

### 4.1 Langsiktige plasseringar I DNB ASSET MANAGEMENT

I oktober 2018 plasserte Alver kommune 100 mill. kr i finansmarknaden i samsvar med vedtak i kommunestyret. DNB Asset Management ble vald leverandør. Det ble vald en plassering med lav/ moderat risikoprofil, i samsvar med finansreglementet for den gang Lindås kommune. Plasseringa er i samsvar med oppdatert finansreglementet for Alver kommune.

Den langsiktige kapitalen til Alver kommune skal etter finansreglementet plasserast i ulike plasseringsinstrument etter følgjande fordeling:

Aktiva	Minimum	Normal	Maksimum
Eigenkapitalbevis i norske sparebankar og aksjar	0%	25 %	35%
Obligasjonar	0%	0%	70%
Sertifikat	0%	0%	70%
Rentefond	0%	75 %	100%
Bankinnskot	0%	0 %	100%

Oversyn over plasserte midlar og endring i marknadsverdi:


tal i 1000 kr

Oversyn endra marknadsverdi	NOK
Innbetalt kapital	100 000
Portefølgjeverdi (NOK) per 31.12.2020	113 369
Portefølgjeverdi (NOK) per 31.12.2021	120 855
<b>Endring</b>	<b>7 486</b>

Oversikt over faktisk forvalta kapital og avkastning på denne:  
tal i 1000 kr


Portefølje	Markedsverdi per 31.12.21	Vekt	Avkastning 2021	
			NOK	Prosent
Bankkonto for belastning av honorar	359	0,30 %	0	0,08 %
Rentebærende papirer	88 401	73,26 %	157	0,21 %
Aksjer	32 094	26,47 %	7 116	25,12 %
<b>Totalt Forvaltet Kapital</b>	<b>120 855</b>	<b>100,00 %</b>	<b>7 273</b>	<b>6,41 %</b>

Når det gjeld rentebærende papir i oversynet over, vil grensene for rentefond i finansreglementet gjelde, då midlane er plassert i fonda DNB Obligasjon E og DNB Likviditet D. Begge desse er fond og det er derfor ikkje ein direkteinvestering i enkeltobligasjon. Alver kommune har ingen direkte investeringar i enkeltobligasjonar gjennom DNB Asset Management.



#### Referanseindeks detaljer

Forvaltet Kapital	
Aksjer	5,00 % Oslo Børs Fondsindeks (RIG)
Aksjer	20,00 % MSCI World USD (RIN)
Norske Obligasjoner	45,00 % NBP Norwegian RM1-RM3 Duration 3 Index NOK UH
Pengemarked	30,00 % NBP Norwegian Government Duration 0.25 Index NOK



## 4.2 Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

## 5 FORVALTNING AV KOMMUNENS GJELDSPORTEFØLJE OG ØVRIGE FINANSIERINGSAVTALAR

### 5.1 Opptak av nye lån i 2021

Det vart i 2021 teke opp lån på 150 mill. kr til generelle investeringar og til sjølvfinansierende vass-verksutbygging og avløpsreinseanlegg (VA). Det vart i tillegg teke opp 110 mill. kr til vidare utlån (formidlingslån/startlån gjennom Husbanken). Det er i 2021 betalt avdrag med til saman 124 mill. kr. Av dette er 96,3 mill. kr avdrag på lån til generelle investeringar og VA, og 27,4 mill. kr. er avdrag på formidlingslån.

### 5.2 Berekning av netto lånegjeld

Netto lånegjeld er i tabellen under berekna på same vis som det vert gjort i SSB sin Kostra-statistikk, og er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktingar) med frådrag av totale utlån og ubrukne lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån.

Ordinære lån til investeringar og vidare utlån utgjorde 3.504 mill. kr ved utgangen av 2021. Netto lånegjeld er 2.867 mill. kr. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er 96.912 kr, ei auka med 5.281 kr per innbyggjar det siste året.

*tal i 1000 kr*

Lånegjeld, utlån og ubrukne lånemidlar	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Endring 2021
Langsiktig gjeld	3 367 926	3 504 250	136 324
Utlån formidlingslån	-332 481	-373 136	-40 655
Utlån egne midlar	-49 046	-46 207	2 839
Ubrukte lånemidlar	-298 212	-216 996	81 216
Sum netto lånegjeld	2 688 187	2 867 911	179 724
<b>Netto lånegjeld pr. innbyggjar (kr)</b>	<b>91 631</b>	<b>96 912</b>	<b>5 281</b>

Oversyn over tal innbyggjarar som ligg til grunn for utrekninga av netto lånegjeld pr. innbyggjar:

FOLKETAL	31.12.2020	31.12.2021	Endring 2021
Innbyggjarar	29 337	29 593	256

### 5.3 Konvertering av eldre lån og refinansiering i 2021

I tillegg til opptak av nye lån er det totalt teke opp nye lån i året på kr 1.522 mill. kr til refinansiering av eksisterande lån. Dette inkluderer kortsiktige sertifikatlån på 3, 6 eller 9 månader som det kan vere trong for å refinansiere fleire gangar i året.



## 5.4 Samansetjing og verdi av låneporteføljen

Summen av alle låna hos dei einstilte bankane, fordelt på formidlingslån/startlån og andre lån:

tal i 1000 kr

Fordeling av langsiktig gjeld per kreditor:	gjeld per 31.12.2020	gjeld per 31.12.2021	Endring 2021
<b>Lån i bank:</b>			
Husbanken	451 110	532 087	80 977
KLP kommunekreditt	77 010	73 960	-3 050
Kommunalbanken	1 411 481	1 378 438	-33 043
<b>Verdipapirlån:</b>			
Danske Bank	134 825	349 000	214 175
DnB markets	699 500	340 500	-359 000
Sparebank1 Markets	349 000	130 000	-219 000
Swedbank		255 264	255 264
SEB Markets	245 000	445 000	200 000
<b>Kommunens samlede lånegjeld</b>	<b>3 367 926</b>	<b>3 504 249</b>	<b>136 323</b>

Alver kommune sin låneportefølje har ein vekta gjennomsnittrente på 1,01% ved utgangen av året. Dette er ein auke med 0,17% frå 0,84% som var vekta gjennomsnittrente per utgangen av 2020.

Gjennomsnittleg rentebindingstid på gjeldsportefølgen er 0,82 år per 31.12.2021. Tilsvarende tal per 31.12.2020 var 0,75 år. Låneporteføljen har en gjennomsnittleg kapitalbindingstid på 5,08 år.

Se vedlagte finansrapport for 2021 utarbeidd av kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management (BCM) for meir detaljert informasjon om kommunen sin gjeldsportefølje.

## 5.5 Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår

I Kommunalbanken var den flytande pt. renta per 31.12.2021 på 1,30%. Kommunen er sin gjennomsnittrente er dermed 0,29% lågare enn dette.

## 5.6 Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

## 6 VURDERING OG KVALITETSSIKRING AV FINANSIELL RISIKO

### 6.1 Plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål er som nemnt ovanfor utelukkande plasserte i norske bankar, eller i pengemarknadsfond som kun plasserer i stats- og statsgaranterte papir, papir utstedt eller garantert av kommunar og fylkeskommunar, samt banker og kredittforetak. Fondene plasserer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån. Gjelda til Alver kommune er utelukkande tatt opp i norske banker, Husbanken og Kommunalbanken, samt noterte obligasjonslån og sertifikatlån.

Ser ein desse to gruppene i samanheng er derfor renterisikoen låg. Aukar p.t. renta for gjelda, vil vi også få høgare renteinntekt for dei plasserte midlane som dekker opp for noko av renteauken.


Alver kommune er utsett for låg finansiell risiko når det gjeld midlar berekna til driftsformål. I 2017 var det ein endring i samansetninga då Lindås kommune per august 2017 plasserte 60 000 000 kr i pengemarknadsfondet Pluss Likviditet II. Fondet har låg risiko. Det har ikkje vore endringar i 2020.

*PLUSS Likviditet II* er et alternativ til bankinnskott og anna plassering av overskotslikviditet for andelseiere som plasserer store beløp i pengemarknaden. Fondets stabile avkastning gjer det spesielt anvendeleg for plassering av kortsiktig likviditet. Fondet har 50 mill. kr som minimumsinnskott. Fondet har en lav risikoprofil, og stiller meget strenge krav til soliditeten i dei aktuelle plasseringsobjekt, og tilfredsstillar Finanstilsynets regler om 20 prosents kapitalvektning for pensjonskasser. Fondet plasserer dermed kun i stats- og statsgaranterte papir, papir utstedt eller garantert av kommunar og fylkeskommunar, samt banker og kredittforetak. Fonda plasserer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån.

Pengemarknadsfondet plasserer pt. kun i verdipapir utstedt av bank og bankinnskott. Porteføljens rentefølsemnd skal ikkje overstige 0,5 år. Endringar i rentenivået har derfor liten effekt på kursutviklinga. Avkastninga i fondet vil kunne variere noko frå dag til dag, men vil over tid følge svingningane i pengemarknadsrenta. Det er ingen gebyr ved teikning eller innløyising av andelar. Andelseiere kan dermed flytte sine midlar raskt og kostnadsfritt mellom de renteberande fonda. Det går normalt to virkedagar for å realisere pengane i fondet.



### 6.2 Risikovurderingar langsiktig finansforvaltning

Jmfr. finansreglementet til Alver kommune skal finansrapporten vise risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva. Kommunen sin strategi ved forvaltninga av langsiktig plasserte midlar er:




Årleg historisk avkastning for ei tilsvarende portefølje har frå 1990 og fram til utgangen av 2021 vore på 6,6%, med eit årleg berekna standardavvik på 5,2%.


Akkumulert utvikling kan skisserast som i følgende graf, og årleg avkastning i grafen under.




Figuren under viser forventa avkastning ved stabil, sterk og svak utvikling. Sannsynlighet for at avkastninga blir innanfor utfallsrommet er 95%.




Basert på dette har porteføljen ei årleg forventa avkastning på 3,2% med eit årleg forventa standardavvik på 4,0%. Dette gjev følgjande graf for utvikling i porteføljen. Noverande strategi er i figuren lik foreslått strategi, og følgjer same linje.




I åra 1990 – 2021 viser figurane under den dårlegaste rullerande avkastning (periodeavkastninga) over rullerande periodar på 1, 3, 5 og 10 år. Noverande og foreslått strategi er den same, difor likt nivå.






Over ein ettårsperiode omkring 2008 var avkastninga over eitt år på minus 6%. I same periode rundt 2008 var avkastninga over ein periode på 3 år 0%. Avkastninga etter ein nedgangsperiode har imidlertid vore god, og dermed er minst avkastning i ein 5årsperiode på 12%. Den rullerande 5-års avkastninga har vore over 20% stort sett i heile perioden unntatt i 3 korte periodar omkring 2008, i 2011-2012, og i 2019-2022.

Berekning av fall frå topp til botn i ein nedgangsperiode viser at denne frå 1990 til 2021 maksimalt har vore på 7%.



Gjeninnhentinga har vore rask, og er i gjennomsnitt på 0,6 år eller maksimalt 1,7 år i perioden. Nedsiderisiko er oppsummert i figuren under, som viser forventa tap i eit av 20, 10 eller 5 år.



### 6.3 Risikovurderingar gjeldsforvaltning

Tabellen under viser at kommunen sin gjeldsforvaltning er i trå med alle vilkår i kommunen sitt finansreglement.

Krav i gjeldende reglement	Status
Det kan berre takast opp lån i norske kroner.	OK
Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.	OK
Låneopptak skal søkast gjennomført til marknads gunstigaste vilkår. Det skal normalt innhentast minst to konkurrerande tilbod frå aktuelle långivarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).	OK
Gjennomsnittlig kapitalbinding skal til ei kvar tid være over 4 år.	OK
Gjennomsnittleg attverande rentebinding (vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 3 år.	OK
Låneporteføljen skal bestå av færrest moglege lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall blir avgrensa.	OK
Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 20 % av kommunen si samla låneportefølje.	OK

### 6.4 Vedlegg

Rapport for 2021 utarbeidd av kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning.